

Flott sesongstart for Tårnagentkoret.

13.09.2017



Tårnagentkoret syng kjempeflott når Eva Megyesi dirigerer.

Tårnagentkoret som vart starta i januar, hadde onsdag den andre øvinga si denne sesongen, og det vi hørde der lovar godt! Alt no kan dei fleire songar så godt at det var veldig kjekt å høyra på dei. Dei var 10 flinke songarar på denne øvinga, og dei håpar dei skal verta endå fleire.

Dei 10 i koret var frå 1. til 4.klasse, og dei fleste var frå Uskedalen, men det var også ei jente frå ytre luten. Nelly Kjærland seier at dei håpar dei vert endå fleire, og ho håpar også at det kjem nokre som er eldre. Det er ein del bygder som ikkje har barnekor, så det er veldig kjekt om det kjem born frå andre bygder òg. Koret er heldige som har ein så flink musikalsk leiar som Eva Megyesi. Det er eit veldig godt tilbod til alle som er glad i å syngja frå 1.klasse og oppover. Dei har alt fleire fine songar på repertoaret.

I tillegg til flotte songframføringar som fekk foreldre som hørde på, til å applaudera med klapping, lærte Eva dei også nye songar. Tekstane vart lært ved lesing og gjentaking, medan dei lærte tonane til tonefølgje frå Eva på piano. Jammen var dei flinke til å læra!!



Skal sei dei sov så det hørdest i teltet!

Ein liten pause i synginga hadde dei også. Då leika dei seg gjennom forteljinga om Israelfolket i ørkenen medan Nelly fortalde. Her åt dei seg så mette ved eit under at dei sov som steinar i telt og vakna til at det regna godteri. Etter forteljinga var det ein ny runde med songar. Då var dei ekstra gode då dei var innom latin i 'Gloria in exelsis'. Den likte dei tydelegvis veldig godt å syngja!

Publikum kan snart få gleden av å høyra dei. Søndag 1.oktober skal dei syngja under familiegudstenesta i Uskedal kyrkje kl.17. Elles er det planlagt opptredenar på bedehusbasaren 27.oktober, på familiesamkome 15. november, og så skal dei skapa ekstra høgtid over gudstenesta på sjølvaste Julaftan kl.14. Det blir kjempekjekt å høyra dei opptre, og alle kan gle seg til det.

I tillegg til Eva Megyesi(musikalsk leiar) og Nelly Kjærland er Trude Skogtun, Lisa Kock og Jon Harald Kjærland med i leiargruppa for Tårnagentane.



I tillegg til at dei var flinke å syngja, brukte dei og rytmeinstrument.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.